



DET KONGELEGE
ARBEIDS- OG INKLUDERINGSDEPARTEMENT

Statsråden

Arbeids- og sosialkomiteen i Stortinget
Stortinget
Postboks 1700 Sentrum
0026 OSLO

Dykkar ref
2021/5303

Vår ref
22/50-

Dato
20. januar 2022

Representantforslag 55 L (2021-2022) frå stortingsrepresentantane Bård Hoksrud, Dagfinn Henrik Olsen, Erlend Wiborg, Gisle Meininger Saudland, Marius Arion Nilsen, Morten Wold og Sylvi Listhaug om å sikre sjukepengar til pasientar som står i helsekø på grunn av covid-19

Eg viser til brev frå Arbeids- og sosialkomiteen av 4. januar 2021 og det vedlagte forslaget frå representantane Bård Hoksrud, Dagfinn Henrik Olsen, Erlend Wiborg, Gisle Meininger Saudland, Marius Arion Nilsen, Morten Wold og Sylvi Listhaug om å sikre sjukepengar til pasientar som står i helsekø på grunn av covid-19.

Representantane føreslår at dei som har fått utsett operasjon eller behandling som følge av koronapandemien skal få rett til meir enn 248 dagar med sjukepengar, som er det høgste talet på dagar med sjukepengar som følgjer av folketrygdlova.

Eg har fått følgjande innspel frå helse- og omsorgsministeren:

"Flere helseforetak har måttet utsette planlagte operasjoner for å frigjøre kapasitet og ressurser til behandling av alvorlig syke covid-19-pasienter. Det var tilfellet i tidligere smittebølger, og er også tilfellet i situasjonen vi står i nå.

Sykehusene gjør fortløpende medisinske vurderinger av hvilke behandlinger det kan være forsvarlig å utsette. Generelt er sykehusene særlig opptatt av å skjerme pasienter med kreft, barn og tilbud innenfor psykisk helse. Utsettelse av planlagt behandling utgjør en stor belastning for de pasientene som blir berørt og for deres pårørende. Samtidig er det i noen tilfeller et nødvendig tiltak, blant annet for å frigjøre helsepersonell til intensivbehandling. Høyt sykefravær, karantene og isolasjon blant ansatte bidrar også til at planlagte operasjoner må utsettes.

I denne situasjonen er det særlig viktig at de regionale helseforetakene utnytter den samlede kapasiteten i og på tvers av regionene best mulig. Det kan for eksempel innebære at pasienter får tilbud om å motta helsehjelp hos en privat avtalepart. Pasientene har også rett til å velge behandlingssted. Jeg understreker at alle pasienter i spesialisthelsetjenesten fremdeles har krav på nødvendig helsehjelp innen forsvarlig tid.

Gjennomsnittlig ventetid til oppstart av helsehjelp i spesialisthelsetjenesten var 63 dager i 2020. Det er en økning på fire dager fra 2019, og skyldes pandemien. I 2. tertial 2021 var gjennomsnittlig ventetid 59 dager. Det er en dag mindre enn på samme tidspunkt i 2019. Det er for tidlig å si hvordan ventetidene påvirkes av økningen i smitte og sykehusinnleggelse denne vinteren.

Statsbudsjettet for 2022 forutsetter at de regionale helseforetakene er tilbake i en mer normal driftssituasjon. Regjeringen la fredag 14. januar fram en tilleggsproposisjon om statsbudsjettet for 2022, jf. Prop. 51 S (2021–2022)."

Etter reglane i folketrygdlova kapittel 8 har ein rett til å få sjukepengar i opptil eit år (248 dagar). Sjukepengar skal erstatte tapt inntekt og svarer til 100 prosent av tidlegare inntekt (opp til seks gonger grunnbeløpet). Den same sjukdomsdiagnosen kan føre til ulik grad av funksjonsnedsetjing. Lengda på sjukepengeperioden er ikkje differensiert ut frå ulike sjukdomsdiagnosar, grad av arbeidsuførleik eller forventta behandlingstid for dei ulike diagnosane.

Som helse- og omsorgsministeren informerer om, har det ikkje vore ein sterk auke i den gjennomsnittlege ventetida til oppstart av helsehjelp i spesialisthelsetjenesta. Det er likevel leit for dei pasientane som har fått sin operasjon eller si behandling utsett på grunn av koronapandemien. Eg meiner at me per no ikkje bør utvide perioden med rett til sjukepengar, som er ei yting som med 100 prosent dekning av tidlegare inntekt. Dersom ein framleis er sjuk etter at retten til sjukepengar har løpt ut, kan ein søkje om arbeidsavklaringspengar, som svarer til 66 prosent av tidlegare inntekt.

Med helsing



Hadia Tajik